

Møte 19.12. 2018 Merete Th, Helge K N (BM), HAa og RDa

Samlingsbøner med kyrkjeårsvariable ledd

Adventstida

Vi ventar på Jesus Kristus. Han kom for å bryta mørkrets makt

Gud, vi er komne inn ditt heilage hus
for å ta imot det du vil gje oss.

Vi ventar på Jesus Kristus. Han kom for å bryta mørkrets makt.

Vi bed: Lat no opp hjarta våre,
så vi kan fornyast i trua på deg.

(Samlingsbøn nr. 4)

Heilage Gud, vi er samla for ditt andlet
for å møte din kjærleik og di sanning.

Vi ventar på Jesus Kristus. Han kom for å bryta mørkrets makt.

Vi bed: Send oss din Ande
og gjer oss **opne** for det du vil gje oss.

Lat ordet ditt slå rot i hjarta våre,
så Kristus lever i oss, og vi blir eitt i deg
og tener deg i alle ting.

(Samlingsbøn nr. 1)

Gode Gud,

Vi ventar på Jesus Kristus. Han kom for å bryta mørkrets makt.

Her for ditt andlet bed vi: gje oss lyttande øyre,
takksame hjarte og tenande hender,
så vi kan høyra ordet ditt, lovprisa deg for di miskunn,
og i ord og gjerning vitna om dine storverk.

(Samlingsbøn nr. 2)

Juletida

Julaftan

Du gav oss barnet i krubba
i den heilage natta då englane song
om frelse og fred på jorda.

Juledag

Du lét Ordet bli menneske
og ta bustad mellom oss
då Kristus, frelsaren vår, vart fødd.

Nyttårsdag

Du gjev frelse og fred i Jesu namn og vil gå med oss inn i det nye året.

Openberringstida

I Kristus ser vi din herlegdom.
Han er lyset i verda
som skin for alle folkeslag.

Fastetida

Etterfølging

Du kallar oss til å følgja Jesus,
han som gav avkall på sitt eige for å tena deg.

Pasjon

Du gav oss Jesus til frelse og fred.
Hans død gjev liv og soning for syndene våre.

Maria Bodskapsdag

Du støytt herskarar ned frå trona og lyfte opp dei låge.
Vi takkar deg for Maria som fødte frelsaren for vår verd.

Påsketida

Du reiste Jesus opp av grava og sprengde dødens makt.

Kristi Himmelfartsdag

Du opphøgde son din Jesus Kristus og sette han ved di høgre hand.

Pinsedagane

Du sende tunger av eld over læresveinane
og fylte dei med din heilage Ande.

Treiningstida– Allmenn

Du har gjeve oss ditt rike i Jesus Kristus
og kallar oss ved din heilage Ande til tru og teneste.

Dagen for skaparverket

Du sender ut din Ande og liv blir skapt.
Du fornyar andletet til vår jord
og mettar oss med gode gåver.

Olsok

Du sende bodberarar
for å reisa krossmerket her nord.
Du lèt oss sjå den krafta som blir fullenda i veikskap.

Bots-og bønedaĝ

Du tilgjev oss syndene våre og kallar oss til dagleg å venda om.

Helgemessesøndaĝ

Vi takkar deg for dei som har stridd den gode striden,
fullført løpet og halde fast på trua.
Du har sett oss eit evig mål hos deg.

Helgemessesøndaĝ / Minnedag/ Siste søndaĝ i kyrkjeåret

Du er den første og den siste. Din nåde er vårt håp og vår trøyst.

Konfirmasjon

Du tek imot oss i dåpen og er med oss alle våre dagar.

Samefolkets daĝ og 17. mai

Du har kalla alle folk på jord til å vera eitt i Jesus Kristus.

For rettferd og fred / søndaĝ for forfølgde/ 8. mars / 1. mai

Du har skapt alle menneske i ditt bilete og kallar oss til å verna om menneskeverdet.